

Nyheitsbrev frå NASKO


Til alle tilsette i svangerskaps- og barselomsorg, helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, og andre samarbeidspartnarar



I ei urolig verd, held vi fast i det gode og spanande arbeidet som foregår både rundt om i tenestene og i kompetansemiljøet.

Tysdag 24. mars kl. 11.30 arrangerer FHI NASKO eit lunsjwebinar om kokain og energidrikker blant ungdom. Forskarar frå Avdeling for rusmiddel og tobakk og Avdeling for fysisk helse og aldring, vil presentere oppdatert kunnskap om to dagsaktuelle tema. Målgruppa for webinaret er tilsette i skulehelsetenesta og Helsestasjon for ungdom. Det blir gjort opptak av webinaret, som blir lagt ut på nettsidene våre.

Visste du at Norge er blant landene i Europa med høyest bruk av kokain



Det er flere gutter enn jenter som bruker kokain, og det er flere i Oslo enn i resten av landet.



Illustrasjon: Folkehelseinstituttet.

Les meir om NASKO sitt lunsjwebinar om kokain og energidrikker



FHI-direktør Guri Rørtveit klipper den røde snora for Kommunehelsetenesta i Helsebiblioteket. Foto: Folkehelseinstituttet.

Onsdag 21. januar inviterte Helsebiblioteket og NASKO til lanseringsseminar for dei nye sidene for kommunehelsetenesta. Saman med demonstrasjonar av sidene, fekk vi òg høyre interessante innlegg om mellom anna framtidens kommunehelseteneste og bruk av kunstig intelligens. Vi i NASKO arbeider kontinuerleg med vidareutvikling av sidene retta mot helsestasjons- og skulehelsetenesta. Vi er takksame for alle innspel vi

får, og gler oss over at stadig fleire tek [Helsebiblioteket](#) i bruk. Utover våren kjem det nye tema, så følg med!

NASKO sitt digitale fagseminar 2026


Vi har no passert 300 påmelde til fagseminaret den **9. juni**, og vi arbeider med å få på plass eit innhaldsrikt program som skal vere relevant for alle tilsette i deltenestene. Det er stas å kunngjere at **Kaveh Rashidi** kjem tilbake til oss med eit inspirerende foredrag! I tillegg blir det innlegg om tenestene si viktige oppgåve om å førebyggje, avverje og avdekkje vald, overgrep og omsorgssvikt. Det vil òg bli korte innlegg om ei rekke relevante tema, til dømes helseøkonomi, barn og familier med immigrasjonsbakgrunn, og foreldre si psykiske helse. Følg med på [programsida](#) for oppdateringar i tida som kjem – og meld deg på, du òg!



Her kan du melde deg på fagseminaret

Illustrasjon: Folkehelseinstituttet.

Folkehelseinstituttet ved NASKO har fått i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å følgje opp oppvekstmeldinga ([Meld.St.28](#)) og regjeringa si satsing på dei første 1000 dagane. Saman med Helsedirektoratet og andre relevante aktørar skal vi utvikle metodikk for å styrke heilskapleg oppfølging av familiar og barn med særleg vekt på gode samarbeidsmodellar, foreldre si psykiske helse, og førebygging av vald, overgrep og omsorgssvikt. Oppdraget har nummer TB2026-3 og [kan lesast her](#).



NASKO ynskjer alle gode vinterdagar!

Redaksjon

Marit Dromnes Manvik

Tonje Lervold

Marte Morken Høyland

Kontakt oss

nasko@fhi.no

Meld meg av

